



Stølsheimen  
verneområdestyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** **Stølsheimen verneområdestyre**  
**Møtestad:** Digitalt møte  
**Dato:** 09.06.2023  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Orienteringar:  
Status tiltaksarbeid og budsjett



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 12/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 13/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 14/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 9/23	Stølsheimen landskapsvernområde - utsetting av basestasjonar for bjellesystem - justering av basestasjon		2022/4778
ST 15/23	Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - ATV - bygging - drive kraftledning 420 kV kabel - Refsdal-Modalen		2023/6438
ST 16/23	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - kvisting av skiløype og motorisert ferdsel i samband med kvisting		2023/4964
ST 17/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen- Hallsetstølen - utbetring av sti		2023/7279

**ST 12/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 13/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 14/23 Orienteringar og referatsaker**



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Onstadvegen 25  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3129  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

VESTLAND BJØLLELAG SA  
Sævråsvegen 118  
5955 LINDÅS

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/4778-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 11.05.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	8/2023
----------------	--------

# Stølsheimen landskapsvernområde - utsetting av basestasjonar for bjøllesystem - justering av basestasjon


## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Vestland Bjøllelag SA løyve til å endra basestasjonen for bjøllesystem på Blåfjellet/Kvanndalen til Øksefjellet. Løyve er gjevne med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gitt med fylgjande vilkår:

- Basestasjonen kan festast i fjellet med inntil 8 jernboltar på 8 mm i diameter.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Maksimal høgde på mastene skal vera 110 cm over bakken.
- Basestasjonen skal plasserast slik at den er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppen for å gjera stasjonen mindre ruvande i landskapet.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonen ut av området straks den ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.



Figur 1 Trekantane markerer plasseringa av basesasjonane. Øksefjellet - B4 er nordlegaste punktet på kartet.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Tiltakshavar må i tillegg henta inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området.

### Dokumenter i saken

- Informasjon – Stølsheimen og Basesystem for Telespor, Vestland Bjøllelag SA, 09.05.23
- Søknad om justering på posisjon av base ved Kvanndalen, Øystein Hennø, 11.06.2022
- Dispensasjon – Stølsheimen verneområdestyre – saksprotokoll 15/22 – 27.04.2022



## Søknaden

Stølsheimen verneområdestyre gav løyve til utplassering av basestasjonar for bjøllesystem for sau i møte 27.04.2022 (sak 15/22). Ein av basestasjonane som var omsøkt og gitt løyve til, var ved Kvanndalen på Blåfjellet. Når basestasjonane skulle setjast ut, viste det seg at det denne stasjonen ikkje hadde mobildekning. Ved å flytte plasseringa nord til Øksefjellet, var det dekning på basestasjonen. Det var søkt om ny plassering, men søknaden vart ikkje fanga opp og handsama av verneområdestyret. Basestasjonen vart likevel etablert i juni i 2022, og Vestland Bjøllelag har sendt endringsmelding for denne basestasjonen. Dei har i tillegg sendt rapport som viser at basestasjonane har fungert godt, og vore til stor nytte for tilsyn av sau i dette fjellområdet.



Figur 2 Bilde av basestasjon på Bjørndalseggi. Foto frå Vestland Bjøllelag SA

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

## Verneforskrift og verneformål

*«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av*



*tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr. 1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast. Basestasjonar for bjøllesystem er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter naturmangfaldlova (nml) § 48; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

I sak 15/22 om utplassering av basestasjonar for bjøllesystem for sau i Stølsheimen landskapsvernområde, vart det vurdert at tiltaket ikkje var i strid med verneføremålet, og ikkje var til vesentleg skade på verneverdiane. Det må vurderast om endra plassering av ein av basestasjonane kan vera til skade på verneverdiane.

Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller kulturminne i dette området. Området ligg innanfor leveområde til villrein, men tiltaket vil lite truleg gje verknad på villreinen. Det er ikkje registrert andre sårbare artar i området. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt. Flytting av denne eine basestasjonen vil ikkje føra til store endringar, og vurderingane etter nml. §§ 10-12 i sak 15/22 vert difor lagt til grunn i vurderinga i denne saka. På bakgrunn av desse vurderingane, meiner forvaltar at basestasjonen på Øksefjellet ikkje vil vera til skade på verneverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til flytte eine basestasjonen for elektronisk bjøllesystem i Stølsheimen landskapsvernområde frå Blåfjellet til Øksefjellet.

### **Informasjon om klagerett**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar





Dokumentet er elektronisk godkjent



Arkivsaksnr: 2023/6438-0  
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes  
Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	15/23	09.06.2023

## Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - ATV - bygging - drive kraftledning 420 kV kabel - Refsdal-Modalen

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Statnett SF løyve til motorisert ferdsl i samband med oppisolering av 300 kV kraftledning Refsdal-Modalen gjennom Stølsheimen landskapsvernområde. Løyvet gjeld i periden 15.08. til 30.10.2023 og frå 01.07. til 30.10.2024.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transport med helikopter av materiale, utstyr og mannskap til mastene, og uttransport av restmateriale.
- Det kan gjennomførst inntil 120 turar med helikopter fordelt på åra 2023 og 2024.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Det skal meldast frå til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen på tlf. 97097720, seinast dagen før oppstart av arbeidet kvart år. Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane og villrein.
- Alt avfall og restmateriale skal transporterast ut av området straks tiltaket er gjennomført.
- Det skal sendast skriftleg rapport til sekretariatet innan 31. desember 2024. Rapporten skal innehalda opplysningar om kva perioden det har vore transport med helikopter og ATV.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, *Statnett SF*, 24.04.2023
- Utkast – Detaljplan for oppisolering av 300 kV kraftledning Refsdal-Modalen (MTA), *Statnett SF*, 04.05.2022
- Oppdatert konsesjon til kraftledning Refsdal-Modalen, *NVE*, 07.11.2022




- Fjellheimen villreinområde, kartlegging av arealbruk, NVS Rapport 28/2020

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

Statnett SF søker om motorisert ferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde i samband med oppisolering av kraftleidningen 300 kV Refsdal-Modalen. 07.11.2022 fekk Statnett løyve frå NVE til å bygga og drifta kraftleidningen Refsdal-Modalen på spenningsnivået 420 kV. Leidningen og mastene på denne linja er bygd for spenningsnivå 420 kV, men det må monterast fleire isolatorar i mastene, og ei toppline må skiftast for å oppgradera linja frå 300 kV til 420 kV.



Figur 4: Bildet viser øvste del av mast 20 på ledningen Refsdal-Modalen. Pilene viser til isolatorkjedene som skal forlenges i mastene.

Figur 1 Øvste del av mast. Kopi frå MTA-plan



**Figur 2 Oversiktskart - Oppisolering av 300 kV kraftledning Refsdal-Modalen. Kopi frå søknad**

I NVE sitt vedtak om endra konsesjon for kraftleidningen Refsdal-Modalen, har NVE vurdert at dei permanente verknadane av oppgraderinga er tilnærma uendra samanlikna med i dag, sidan det ikkje skal byggjast nye master eller leidningar. Dei seier vidare at spenningsoppgraderinga er eit viktig og naudsynt tiltak for å dekkja auka forbruk av straum i Bergensregionen.

NVE har sett krav om at Statnett skal utarbeida miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan) for tiltaket. Statnett har sendt utkast til MTA-plan som vedlegg til søknaden om motorferdsel i landskapsvernområdet. I planen kjem det fram at det ikkje skal etablerast riggplassar innanfor verneområdet, men det vil vera trong for to vinsjeplassar for å trekke opp ny toppline. Vinsjen skal plasserast på bakken utan inngrep i terrenget.

Statnett søker om løyve til transport med helikopter ATV for transport av utsyr, materiell og mannskap for å utføra arbeidet med å oppisolera kraftleidningen, bytte ut ei av topp-linene og forsterka mastene. I landskapsvernområdet er det 28 master. Dei reknar med ca. 4 turar med helikopter pr. mast, det vil sei 120 turar totalt i verneområdet fordelt på to år. Statnett har kome med endringar på søknaden og opplyser at dei ikkje treng nytta ATV på barmark i landskapsvernområdet. All transport vert gjennomført med helikopter.

Arbeidet er planlagt over to år, og med ein periode på ca. 8 veker pr. år. Dei har planlagt oppstart 15.08.2023. Startdato er sett seint på året av omsyn til villreinen i området. Arbeidet må gjennomførast i barmarksperioden.



## Lovgrunnlaget

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III: «Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».

Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsel på land og innsjøar er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «*naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre*» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Statnett skal oppisolera 300 kV kraftleidningen Refsdal-Modalen til 420 kV-kabel. Oppisoleringa av eksisterande kraftleidning vil ikkje medføra vesentleg endringar på landskapets art og karakter. Oppisoleringa er difor vurdert til ikkje å vera eit søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Motorferdsel i samband med tiltaket er søknadspliktig tiltak. NVE har vurdert oppisolering av kraftleidningen til 420 kV som eit viktig og naudsynt tiltak for å dekkja auka bruk av straum i Bergensregionen.

Kunnskapen om landskapsvernområdet er kjent gjennom forvaltningsplanen og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og tidlegare erfaring med motorisert ferdsel i villreinområdet. Området der kraftleidningen går gjennom landskapsvernområde er registert som kalvingsområde, barmarksbeite og vinerbeite for villreinen. Det er mange år sidan området vart nytta som kalvingsområde, men det kan ikkje utelukkast at området vart tatt i bruk att av villreinen. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har uttalt at det ikkje bør vera aktivitet i området i den mest sårbare tida mellom 1. april til 01. juli. Statnett har lagt vekt på omsyn til villreinen i planlegginga av tiltaket, og startar arbeidet 15. august i 2023, som er etter den mest sårbare tida for villreinen.

Rapporten til Norsk villreinsenter (rapport 28/2020) - kartlegging av villreinen sin arealbruk, viser til registreringar av fangstanlegg for villrein aust og søraust for Kvilesteinsvatnet. Nokre av desse er teikna inn nær kraftlinja. Det må visast særskilt omsyn i dette området for ikkje å skada desse kulturminna. Dei fleste ligg utanfor landskapsvernområdet. I MTA-plan til Statnett er det opplyst at fylkeskommunen skal kartlegge kulturminne i dette området i 2023.

Det er ikkje registrert andre sårbare naturtypar eller artar (30.05.2023) som vil verta påverka av helikoptertransporten, men køyring med ATV på barmark vil sette spor i terrenget. Dette gjeld spesielt i område ved Valmyrane der det er myr og vårmak. Det er veldig positivt av Statnett har avgjort at dei ikkje treng køyra på barmark i samband med tiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vart vurdert som godt for å vurdere saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 vert difor tillagt vekt ved å vise omsyn til villrein.



Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Stølsheimen er eit mykje nytta friluftsområde. Merka turstiar kryssar under kraftleidningen, og i tida juli til september er det mange som nyttar dette området til turgåing, fiske og jakt. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Motorferdsla i samband med tiltaket er vurderert som naudsynt, og det er ikkje mogleg å unngå uro den tida transporten pågår. For å redusera dei negative konsekvensane, bør arbeidet gjennomførast til konsentrerte periodar, og til færrest moglege dagar. Med dei avgrensingane som er lagt i vilkåra, er den samla belastninga på naturmiljøet vurdert som akseptabel.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føre til miljøforandringar. Transport av utstyr, materiale og mannskap med helikopter er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten pågår. Det er tat omsyn til villreinen i området ved at oppstart av arbeidet startar etter den mest sårbare tida for villreinen.

Forvaltar meiner det føreligg særlege grunnar for å gje dispensasjon frå verneforskrifta til motorferdsel i samband med tiltaka på kraftleidningen. Forvaltar vurderer motorferdsla til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta punkt VI nr. 6.



Arkivsaksnr: 2023/4964-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 05.04.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	16/23	09.06.2023

## Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - kvisting av skiløype og motorisert ferdsel

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å nytta snøskuter til frakt av kvist til fylgjande vinterruter:

- Trefall – Selhamar
- Selhamar – Åsedalen
- Vikafjellsvegen (Rv.13) – Sendedalen – Selhamar
- Åsedalen – Solrenningane
- Solrenningane - Stølsdammen

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld kvisting før palmehelga i åra 2024, 2025 og 2026.
- Kvisteruta frå Rv.13 skal starta frå parkeringa ved Telegrafhytta.
- Snøskuterkøyring skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av kvist.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og helgedagar av omsyn til friluftslivet.
- Transporten skal gjennomførast på 1 til 2 dagar.
- Dersom Røde Kors Hjelpekorps har kjentmannstur i området, skal kvistinga gjennomførast samtidig og i samarbeid med dei for å redusera motorferdsla i området.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist/greiner frå tresortar som veks naturleg i landskapsvernområdet.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mobil 97097720). Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til villrein.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.



- Rapport med utfylt køyrebok skal sendast til sekretariatet innan 1. juni kvart år i løyveperioden.
- Løyvet kan verta endra i løyveperioden dersom det kjem inn ny kunnskap rundt villreinen i området og dersom aktiviteten viser seg å vere til hinder for villreinen.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Søknad frå Bergen og Hordaland Turlag om kvisting av ski trasè i Stølsheimen, datert 24.03.2023
- Tidlegare dispensasjon gitt for tre år 2021-2022-2023, 19.02.2021
- Innspel frå villreinemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, 10.05.2023
- Rapportar om stølar i Stølsheimen, Rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Sårbarheitsvurdering i Sendedalen (NINA Rapport 1559)

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2020
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) søker om å få vidareføring av tilsvarande løyve gitt i 2021 for å nytte snøskuter for å kviste skiløyper i Stølsheimen som vist på kartet under. Dei søker denne gong for 5 år, perioden 2024-2028. Søknaden gjeld same kvisterutene som tidlegare år.





## Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, og elles når særlege grunnar ligg føre jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld bruk av snøskuter for transport av kvist til merking av skiløypa. Ruta som skal merkast er den same som har vore kvista i mange år. I tidlegare søknader har det vore gjeve løyve til bruk av snøskuter i samband med kvisting med heimel i verneforskrifta pkt. VI nr. 6. Eit av verneføremåla er at området skal kunne nyttast til friluftsliv. I forvaltningsplan er tilrettelegging for enkelt friluftsliv nemnt som eit positivt tiltak. Kvisting av



vinterruter er tilrettelegging for enkelt friluftsliv. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at transport av kvist med snøskuter kan vurderast etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan, rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og tidlegare erfaringar med snøskutertransport i samband med vintermerkinga. Stølsheimen er ein del av Fjellheimen villreinområde. Sårbarheitsvurdering i Sendedalen (NINA Rapport 1559) peikar på at auka ferdsel i trekkområda mellom vinterbeiteområde til villrein som går over Rv. 13, vil gje konflikt i forhold til villrein på vinteren og ettervinter. Kvista vinterrute gjennom dette området må vurderast nøye, og ruta bør endrast dersom det viser seg at aktiviteten er til hinder for villreinen sin bruk av området. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell jobbar no med kvalitetsnormen for villrein (delnorm 3) for Fjellheimen villreinområde, og i den samanhengen vil det kunne komme inn ny kunnskap som kan endre på forvaltninga i området. Villreinnemnda uttalte i den samanheng at det er viktig at det er opning for å endre på løyvet i løyveperioden. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for og vurderer saka. Førre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt vekt gjennom vilkår om at ruta kan verta pålagt endra.

Fleire forskingsprosjekt viser at stiar og skiløyper kan vera barrierar som kan hindra reinen sin vandring. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har tidlegare påpeika at konfliktområde mellom villrein og friluftsliv må synleggjerast, og at det i løypeplan i kommunedelplanen for Fjellheimen villreinområde må finnast løysingar til beste for både villrein og friluftsliv. Villreinnemnda uttaler i denne saka at eit tre-årig løyve er av tilstrekkeleg lengde, og opnar opp for at forvaltninga kan gjere endringar på løyvet etter tre år dersom spesielle situasjonar med villrein skulle oppstå i Stølsheimen. Dei legg fram sin bekymring kring lægre tilvekst i bestanden enn venta. Sjølv om årsaka er ukjend, trekker dei fram forstyring frå folk og motorferdsel som ein av fleire potensielle årsaker. I tillegg ventar ein ny informasjon frå arbeidet med kvalitetsnormen.

Trasè for kvisteruta er i hovudsak vidareføring av ei innarbeidd merka vinterrute. I kartet vedlagt søknaden er startpunkt for kvisting flytta frå Sendedalen ved Telegrafhytta til fylkesgrensa på Rv. 13. Så lenge det framleis er parkeringsplass ved Telegrafhytta, og mange har dette som utgangspunkt for turar innover i Sendedalen, vil kvisting frå fylkesgrensa gje to parallelle trasear i starten av Sendedalen. I sårbarheitsvurderingsrapporten blir det tilrådd å starte kvista vinterruta frå parkeringa ved Finnbuene, eller fortsette med kvisterute frå Telegrafhytta. Forvaltar rår difor til at kvisteruta startar ved Telegrafhytta.

Sti- og løypeplan for Voss kommune er godkjent, men det er ikkje lagt fram konkrete framlegg om kvar startpunkt på Rv. 13 for sommar- og vinterruta skal vera. Dersom dette vert ei løysing på i løyveperioden, må det vurderast om løyve til motorferdsel og kvisting må endrast.

Sendedalen er eit mykje nytta friluftsområde, og om vinteren er det mange som går dagsturar på ski innover dalen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Grunneigarar med landbruksnæring i området har snøskutertransport inn Sendedalen kvart år, og det er gjeve løyve til motorferdsel i samband med tilsyn av kraftinstallasjonar. Voss Røde Kors Hjelpekorps har tidlegare hatt kjentmannsturar i området, og kombinert kjentmannstur med



kvisting for BHT. Dette har vore god praksis som bør vidareførast dersom Røde Kors Hjelpekorps skal ha kjentmannstur i dette området.

Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga på området og økosystemet jf. naturmangfaldlova § 10. Den totale motorferdsle i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa ferdsle for å unngå for stor belastning på naturmiljøet. I forvaltningsplan er det trekt fram at verneområdet skal vera eit område der enkelt friluftsliv kan utøvast utan unødig motordur. Avgrensingane på motorferdsle er gjevne ved å setja vilkår om samkøyring der det er mogleg, og ta omsyn til villreinen ved merking.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Det er mange kilometer som skal merkast med kvist, og det vil difor vera naudsynt med transport av kvistar. Frakt av kvist med snøskuter vil vera ein praktisk god løysing som ikkje fører til varige spor i terrenget. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten pågår.

På bakgrunn av vurderinga etter nml. §§ 8-12, og verneforskrifta, vurderer forvaltar transporten til ikkje å vera i strid med verneføremålet, og meiner det kan gjevast løyve til transport av kvist til merking av vinterrute.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	17/23	09.06.2023

## Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen- Hallsetstølen - utbetring av sti

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å utbetra deler av stien mellom Hallsetstølen og Åsedalen. Det kan plukkast enkeltsteinar frå ura under Nabbenosi.

Løyve er gjevne med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det kan leggjast stein i stien på våte og myrete parti.
- Vatn kan leiast ut av stien med enkle steinveiter, men tiltaket skal ikkje føra til drenering av myra ved sida av stien.
- Det kan plukkast enkeltsteinar frå ura nedanfor Nabbenosi dersom det ikkje er mogleg å finne tilstrekkeleg med steinar i ura som ligg utanfor landskapsvernområdet. Området for eventuell plukking av steinar er markert på kartet i vedtaket.
- Turlaget har ansvar for vedlikehald av stien.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført, og seinast 31.12.2023. Rapporten skal ha med bilde frå stien etter gjennomført tiltak. Dersom det vert plukka steinar frå ura i landskapsvernområdet, skal det vera med bilde frå området der det er plukka steinar.
- Det må søkjast til Stølsheimen verneområdestyre om løyve til motorisert ferdsel for transport av stein til tiltaket.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Det kan ikkje plukkast stein frå området utan løyve frå rettshavarane/grunneigarane i området.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad løyve til utbetring av sti ved Hallsetvatnet i Stølsheimen landskapsvernområde, *Bergen og Hordaland turlag*, 10.05.2023


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

Bergen og Hordaland Turlag søker om å få utbeta deler av stien mellom Åsedalen og Hallsetstølen. Dette er eit vått og myrete parti på ca. 700 meter. Dei søker om å få plukka stein frå området under Nabbenosi, transportera steinane med helikopter, og droppe dei på punkta på stien. Tiltaket er planlagt gjennomført frå midten av juni i år, og utover sommaren.

Dei opplyser i søknaden at grunneigar er positiv til tiltaket.

Kart og bilde under er kopiert frå søknad, og viser tiltaksområde.  
Kartutsnitt over aktuelt område



*Droppunkt for stein er markert mot Åsedalen, der stien er dårlig.*



*Parti fra stien mellom Halset og Åsedalen høst 2022.*



*Ur ved Nabbanosi og mot Sundagsbeiti. Her skulle det være mulig å finne egnet stein. Det er også godt med stein retning Holskard.*



## Lovgrunnlaget

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:  
*«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».*

Det er forbod mot *«Alle inngrep eller verksemd som kan endre landskapets art eller karakter; så som ...drenering, og anna form for tørrlegging, uttak...»* jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast. Utbetringsarbeid med steinlegging av sti og uttak av stein er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter nautmangfaldlova (nml) § 48; *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Bergen og Hordaland turlag har turisthytte i Åsedalen. Det er T-merkt sti til Åsedalen frå fleire stader i Stølsheimen, mellom anna frå Stølsvatnet. Store deler av denne stien går i myrlendt terreng. Dei søker om å utbeta den delen av stien som går mellom Hallsetstølen og Åsedalen. Grunneigarane i området er positive til tiltaket. Tiltaket inneber meir enn vanleg vedlikehald, og er eit søknadspiktig tiltak. Det må i tillegg vurderast om uttak av stein vil påverka landskapet. Det er ikkje reglar for uttak av stein eller steinlegging av sti i verneforskrifta. Søknad må vurderast som eit særskilt tiltak etter nml. § 48. I forvaltningsplan kapittel 6.9. Friluftsliv, er steinlegging på sti vurdert som aktuelt tiltak for å kanalisera ferdsel i myrområde det ikkje er gode alternativ for å legge stien utanom myrområdet. Forvaltar vurderer det er heimel for å vurdera søknaden etter nml. § 48, jf. retningslinjene i forvaltningsplanen.

Kunnskapen om området er kjent gjennom arbeid med forvaltningsplanen og bruk av området. Det er ikkje kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar i området, men området er innafor Fjellheimen villreinområde (Naturbase 30.05.2023). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nm. § 9 er difor ikkje vektlagt.

Området har få inngrep og liten tilrettelegging. Det er stølshus på Hallsetstølen og i Åsedalen, men elles har området urørt preg. Det er av stor verdi å framleis ha område som har lite tilrettelegging og med urørt preg. Stien langs Hallsetvatnet går i våt og myrlendt terreng mange stadar, og stien vert utvida av turgåarar som prøver å unngå dei våtaste partia. Steinlegging på nokre strekningar vil hindre vidare utviding av stien. Eit avgrensa område med steinlegging vil gje liten verknad på landskapet.

Det er mange steinurer under Nabbenosi. Urene er ein viktig del av landskapet her. Det er steinurer under Nabbenosi både i og utanfor landskapsvernområdet. Dersom det er mogleg



å finne stein til stien utanfor landskapsvernområdet, skal steinane plukkast utanfor vernegrensa. Plukking av enkelte steinar frå ura vil ikkje endra vesentleg på landskapet, og det kan difor supplerast med nokre steinar frå steinura innafor landskapsvernområdet dersom det er naudsynt. Det er positivt at steinane som skal brukast i stien er henta lokalt, og med liten transportavstand. Etter ei samla vurdering meiner forvaltar tiltaket i liten grad vil føra til auka belastning på natur og økosystem jf. nml. § 10. Tiltaket med steinlegging vil ha liten negativ verknad på verneverdiane, og vil hindra auka slitasje i myrområdet.

Nml. § 11 er ikkje vurdert då tiltaket lite truleg vil føra til skade på naturen.

Steinlegging vil kunne påverka landskapet, og det må vurderast om dette er den beste miljømessige metode jf. nml. § 12. Verneområdestyret har vore på synfaring i området saman med representant frå Bergen og Hordaland Turlag. Det vart sett på alternativ stitrasé for å unngå dei våtaste myrpartia. I området mellom Hallsetstølen og Åsedalen vil det vera vanskeleg å legge om stien. På synfaringa vart det vurdert at steinlegging på enkelte strekningar vil vera ei god løysing. Det er mogleg å finne steinar til steinlegginga i steinurene under Nabbenosi som ligg utanfor verneområdet. Det bør difor ikkje plukkast steinar frå verneområdet. Plukking av enkelte steinar vil ikkje påverka landskapet, og det kan difor supplerast med nokre steinar innanfor landskapsvernområdet dersom det ikkje er tilstrekkeleg med steinar utanfor verneområdet. Forvaltar vurderer at plukking av enkelte steinar til steinlegging ikkje vil påverka landskapet vesentleg, og vil ikkje vera i strid med verneverdiane

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til å plukke nokre steinar til bruk i stien, og legge steinar på våte parti i stien mellom Hallsetstølen og Åsedalen.